

Eksportfinansiering Norge
Postboks 1763 Vika

Dykkar ref

Vår ref
22/6482

Dato
28. juni 2023

Eksportfinansiering Norge (Eksfin) – tillegg til tildelingsbrev for 2023

Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) viser til Prop. 118 S (2022-2023) Tilleggsbevillinger og omprioriteringar i statsbudsjettet 2023, Innst. 490 S (2022-2023) og Stortingets budsjettvedtak 16. Juni 2023.

Bevillingsendringar

På Eksportfinansiering Norge (Eksfin) sitt ansvarsområde har Stortinget vedtatt følgende bevillingsendringar:

Utgifter

1000 kr

Kap./post	Navn	Saldert 2023	Endring	SUM
Kap. 2460	Eksportfinansiering Norge			
24	Driftsresultat	97 286		99 785
24.1	Driftsinntekter	-193 000		-193 000
24.2	Driftsutgifter, overslagsbevilling	290 286	2 499	292 785
24.6	Reguleringsfond	-		
25	Forvaltning av mellombels lånegarantiordning ifb. krigen i Ukraina, kan overføres	500	15	515
90	Utbetaling ifølge trekkfullmakt – alminneleg garantiordning	1 000 000	-600 000	400 000

Inntekter

1000 kr

Kap./post	Navn	Saldert 2023	Endring	SUM
kap. 3900	Nærings- og fiskeridepartementet			
70	Garantipremie frå garantiordning luftfart	39 000	-38 500	500
Kap. 5329	Eksportkredittordninga			
71	Tilbakeføring av tilskot til forvaltning av Eksportkredittordninga		10 000	10 000
kap. 5460	Eksportfinansiering Norge			
51 (Ny)	Tilbakeføring av tapsavsetning for risikoavlastningsordninga for garantiar til Reisegarantifondet	-	11 000	11 000
55	Tilbakeføring av tapsavsetning for lånegaranti ifm krigen i Ukraina		124 800	124 800
90	Avdrag på lån knytt til bruk av trekkfullmakt under Alminneleg garantiordning	1 000	2 749 000	2 750 000
Kap. 5614	Renter frå Eksportfinansiering Norge			
80	Renter frå lån til alminneleg garantiordning	129 000	92 000	221 000

Postadresse
Postboks 8090 Dep
0032 Oslo
postmottak@nfd.dep.no

Kontoradresse
Kongens gate 8
www.nfd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
912 660 680

Avdeling
Handelspolitisk
avdeling

Saksbehandlar
Torstein Tofte
22 24 64 23

Me ber om at Eksfin overfører unyttta tilskot til forvaltning av eksportkredittordninga (kap 5329 post 71) og unyttta tapsfond for reisegarantiordninga (kap 5460 post 51) til Nærings- og fiskeridepartementet sitt kontonummer 7694.05.18896. Me ber vidare om at Eksfin tilbakefører unyttta tapsfond for mellombels lånegarantiordning ifm. Ukraina (kap 5460 post 55) til statskassa.

Vedtak om utvida garantidel under Byggjelånsgarantiordninga

Ved behandling av Prop. 118 S fatta Stortinget følgjande anmodningsvedtak, jf. IX i Innst. 490 S (2022-2023):

«Stortinget ber regjeringen bidra til å styrke norske verfts bidrag til grønne maritime løsnings ved å utvide garantiandelen til Eksportfinansiering Norge i garantiordningen for byggelån til skip, fartøy og innretninger til havs til 75 pst.»

Endring i dekningsgrad under Byggjelånsgarantiordninga er innarbeida i punkt 4.1.3 i vedlagte regelverk for Eksfin sine ordningar. Endringa trer i kraft frå 1. juli 2023.

Andre endringar i regelverk for Eksfin sine ordningar

I tillegg til endringa under Byggjelånsgarantiordninga er det lagt inn nokre endringar i regelverket knytt til midlertidige garantiordningar med støtteelement. I lys av at den midlertidige lånegarantiordning ifm. høge straumprisar ikkje er operativ etter 31. mars 2023, har omtalen av ordninga blitt flytta til det noverande kapitel «5. Oppfølging av ordningar under avvikling». I tillegg er omtalen av lånegarantiordninga ifm. krigen i Ukraina tatt ut frå regelverket, ettersom ordninga ikkje lenger er operativ og det ikkje er uteståande garantiansvar under ordninga.

Grøn omstilling og berekraft

Nærings- og fiskeridepartementet forventar at underliggende verksemder følger aktivt opp målsettingane for grøn omstilling og berekraft som er formidla i tildelingsbrev for 2023. Nærings- og fiskeridepartementet vurderer å leggja fram ein statusrapport for klima- og berekraftsarbeidet til NFDs verksemder fyrste kvartal 2024, og underliggende verksemder bør derfor gjera dei prioriteringane dei meiner er best for å vera forberedt til å rapportera om klima- og berekraftsarbeidet sitt i ein slik publikasjon.

Med helsing

Vibeke Greni (e.f.)
konst. ekspedisjonssjef

Julie Rønning
avdelingsdirektør

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Vedlegg:

Oppdatert «Regelverk for Eksportfinansiering Norge (Eksfin) sine ordningar»